

# Samtykke til søknad om reisedokument for barn under 18 år og umyndige

Du skal fylle ut dette skjemaet viss du har barn under 18 år eller som er umyndig, og som treng eit reisedokument. Viss du har fleire barn, må du fylle ut eitt skjema for kvart barn.

Skjemaet gjeld berre for denne søknaden om reisedokument, og ikkje for framtidige søknader om reisedokument.

Her ser du kven som skal fylle ut samtykkeskjemaet. Les punkta 1 til 4 og sjå om nokre av alternativa gjeld for deg.

## **Du er forelder eller har foreldreansvar**

### **Du kan ikkje møte saman med barnet når de skal levere søknaden om reisedokument til politiet**

- Du må levere samtykkeskjemaet ferdig utfylt.
- Du må òg legge ved original offentleg legitimasjon med bilde og signatur (pass, førarkort, bankkort og liknande) eller offentleg bekrefta kopi av slik legitimasjon.

## **Du bur ikkje eller er ikkje i Noreg**

- Du må møte opp hos din næraste norske utanriksstasjon.
- Du må levere samtykkeskjemaet ferdig utfylt.
- Du må òg legge ved original offentleg legitimasjon (pass eller annan offentleg legitimasjon) med bilde og signatur.

## **Du er verje**

- Du må levere samtykkeskjemaet ferdig utfylt.
- Du må legge ved dokumentasjon på at du er oppnemnd som verje (vedtak frå fylkesmannen/statsforvaltaren), og kopi av legitimasjon.

## Barnevernet har overtatt foreldreansvaret

Viss barnevernstenesta har overtatt omsorga for barnet, er det dei som skal gi skriftleg samtykke når det skal bli utskrive reisedokument til barn under 18 år. Dei må

- levere skriftleg samtykke til utferding av reisedokument, og
- levere dokumentasjon på at omsorga er overtatt i medhald av barnevernloven § 4-8, jf. § 4-12.

## Fosterforeldre

Viss barneverntenesta gir fullmakt til fosterforeldra, kan fosterforeldra møte hos politiet saman med søkaren for å levere søknaden. Då må

- barnevernet fyller ut [UDI sitt skjema for fullmakt](#), og
- fosterforeldra ta med seg den utfylte fullmakta til politiet

## Viss ei verje har overtatt omsorga

Verja må gje skriftleg samtykke for personar som er umyndiggjort. Verja må

- legge ved dokumentasjon på at personen er oppnemnd som verje. Det kan vere kopi av eit vedtak frå fylkesmannen eller statsforvaltaren, og
- legge ved kopi av legitimasjonen sin

## Du kan trekke samtykket

Du kan trekke samtykket ditt seinare. Då må du ta kontakt med politiet der du bur, eller ein norsk utanriksstasjon.

## Informasjon om barnet

Fornamn

Etternamn

Fødselsdato (dd.mm.åååå)

Statsborgarskap

## Viss barnet er sju år eller yngre

Har barnet fått moglegheit til å uttale seg?

Ja

Nei

Barnet er for lite til å forstå

# Stadfesting og underskrift

## Stadfesting

Eg stadfestar at eg ønsker å søke om norsk reisedokument for barnet.

Eg stadfestar at informasjonen eg har gitt i søknaden til barnet er korrekt, oppdatert og fullstendig.

Eg stadfestar at eg har lese og forstått den viktige informasjonen eg fekk om rettar og plikter i søknadsskjemaet.

Eg forstår at viss opplysningar eg har gitt i søknaden endrar seg før eg har fått svar på søknaden, må eg gi beskjed til UDI.

## Underskrift

### Om foreldre, verje og barnevern

- Viss begge foreldra har foreldreansvar, skal begge skrive under på skjemaet.
- Viss berre ein av foreldra har foreldreansvar, er det berre denne personen som skal skrive under.
- Viss barnet ikkje har foreldre, eller foreldra ikkje har foreldreansvar, er det verja eller barneverntenesta som skal skrive under.
- Viss berre den eine forelderen møter opp saman med barnet for å levere søknaden hos politiet eller på ambassaden/konsulatet, må den andre forelderen ha skrive under på førehand, og det må takast med ein kopi av legitimasjonen med bilde og underskrift for den forelderen som ikkje møter opp.

### Informasjon om og underskrift av forelder 1

Fornamn

Etternamn

Fødselsdato (dd.mm.åååå)

Statsborgarskap

Stad

Dato

Underskrifta til forelder 1

## Informasjon om og underskrift av forelder 2

Fornamn

Etternamn

Fødselsdato (dd.mm.åååå)

Statsborgarskap

Stad

Dato

\_\_\_\_\_  
Underskrifta til forelder 2

## Informasjon om ansatt ved barnevern, verje eller fosterforelder, viss barnet har det

Fornamn

Etternamn

Fødselsdato (dd.mm.åååå)

Statsborgarskap

Stad

Dato

\_\_\_\_\_  
Underskrifta til ansatt i barnevernet, verje eller fosterforelder

## Underskrifta til barnet viss barnet er over 10 år

Stad

Dato

\_\_\_\_\_  
Underskrifta til barnet